



Heimen. Erkjenningssinteresser, redaksjonell profil og innhald. Del 1 (1922–1994)

Heimen: Interests of Cognition, Editorial Profile and Content. Part 1 (1922–1994)

Leidulf Melve

Professor i historie, Institutt for arkeologi, historie, kultur og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen

Leidulf.Melve@uib.no

Samandrag

Artikkelen diskuterer det lokalhistoriske tidsskriftet *Heimen* frå grunnlegginga i 1922 til 1994. Vekta er innleiingsvis lagt på det første nummer, ettersom dette skreiv fram tre erkjenningssinteresser som var med på å prege tidsskriftet i perioden, om enn i ulik grad. Det er tale om ei lokalhistorisk erkjenningssinteresse, i kraft av at tidsskriftet primært publiserte lokalhistorisk materiale som stod i ein opposisjon til det rikshistoriske. Den institusjonelle erkjenningssinteressa heng saman med den lokalhistoriske, men denne dreidde seg om at tidsskriftet tok mål av seg til å vere kanalen for å formidle eit mangfald av lokalhistorisk stoff frå kringom i Noreg. Den vitskaplege erkjenningssinteressa var ein refleksjon av at tidsskriftet ikkje ønska berre å vere eit talerøyr for den lokalhistoriske rørsla, men også å etablere lokalhistorie som ein historisk bindestrekdisiplin.

Nøkkelord

historiografi, *Heimen*, lokalhistorie, vitskapshistorie

Abstract

The article discusses the local-historical journal *Heimen* from its inception in 1922 until 1994, emphasizing the impact of the first volume on the journal. Essentially, the first volume established three interests of cognition. The local interest of cognition was a result of the fact that the journal first and foremost published material of a local-historical character, hence constituting an opposition to national history. The institutional interest of cognition is closely connected to the first but is manifested by the extent to which the journal set as its goal to be the main channel for communication of a wide array of material of a local nature from Norway. The scientific interest of cognition, however, reflected the fact that the journal not only wanted to be a channel for the local-historical movement, but also wanted local history to become a true scientific discipline within the larger confines of history.

Keywords

historiography, *Heimen*, local history, history of science

Innleiing

På landsmøtet i Bergen den 20. juli 1921 blev det enstemmig vedtatt, at landslaget for bygde- og byhistorie skal utgi et tidsskrift som fellesorgan for den lokalhistoriske bevegelse i Norge (...) Landsorganisasjonen kan ikke gjøre fyldest for sine oppgaver uten et tidsskrift. Den trenger dette redskap likeså visst som bonden trenger sin plog eller smeden sitt verksted. Tidsskriftet bør bli det verksted, hvor ilden brenner og interessen holdes varm; det bør være møtstedet, hvor samlingstanken virker òg i de måneder og år, da landsmøter ikke kan holdes.¹

Slik presenterte redaksjonen det nye tidsskriftet *Heimen* i det første nummeret frå 1922.² Ikledd ein symbolikk henta frå landsbygda, frå gardslivet, blei den lokalhistoriske profilen ettertrykkeleg slått fast. Det første nummeret målbar òg tre erkjenningssinteresser som i ulik grad har vore med på å prege *Heimen* i perioden handsama i denne artikkelen – ei institusjonell, ei erkjenningssteoretisk og ei vitskapsteoretisk.³ Med eit særleg utgangspunkt i det første nummeret av tidsskriftet vil denne artikkelen difor diskutere profilen til *Heimen* frå grunnleggjanda og fram til 1994.⁴ Framstillinga vil byggje på redaksjonelle føreord, registret i tidsskriftet, eit utval av artiklar og det som finst av historiografiske perspektiv på tidsskriftet så vel som på den lokalhistoriske utviklinga i Noreg.⁵

1. Kva er lokalhistorie? *Heimen* og etableringa av ein lokalhistorisk profil (1922–1945)

Den lokalhistoriske profilen til *Heimen*, med tidsskriftet si vekt på å vere «verksted» og sjølv «møtstedet» for lokalhistorisk aktivitet, kviler på tre erkjenningssinteresser. Tilhøvet mellom desse erkjenningssinteressene var prega av likeverd gjennom den lange redaktørtida til Oscar Albert Johnsen (1922–1945). Den første erkjenningssinteressa er altså av institusjonell art og dreier seg om at tidsskriftet er naudsynt som eit fellesorgan for den lokalhistoriske rørsla. I det noko svulstige språket til redaksjonen skal *Heimen* vere «det verksted, hvor ilden brenner», og «det møtstedet, hvor samlingstanken virker òg i de måneder og år, da landsmøter ikke kan holdes».⁶ Ein slik institusjonell dimensjon finst ikkje i programerklæringa til *Historisk tidsskrift* og for så vidt heller ikkje i det tidsskriftet som på somme grunnleggjande måtar kan seiast å vere forgjengaren til *Heimen*, nemleg *Topographisk Journal* (1792–1808). Tidsskriftet som «verksted» og «møtstedet» blei i aller høgaste grad etterlevd: I det første bandet blei det via etter måten stor plass til stort og smått som har med lokallagsaktivitet å gjere, slik som møter, medlemmar og attgjeving av initiativ tatt av landsmøtet.⁷

Den lokale erkjenningssinteressa står i nær samband med den institusjonelle, men synleggjer i større grad det historiefilosofiske og stundom historieteoretiske grunnlaget for tidsskriftet: «... den lokalhistoriske forskning i vårt land vesentlig er en hjembygdsfors-

1. Johnsen et al. 1922/25: 2

2. Sjå Alsvik 1996: 2–11; Tretvik 2004: 27–33 for fine gjennomgangar av framveksten av den moderne lokalhistoria på byrjinga av 1900-talet. Sjå òg Skeie 2018: 452–463; Winge 1995a: 241–242; Reinton 1970; Bjørkvik 1970

3. Her står eg i gjeld til Jürgen Habermas sitt oppgjer med eit syn som meiner at forskning og menneskeleg erkjening byggjer på interesselags observasjon. Erkjening spring i staden ut av ulike handlingssamanhengar, og det er frå slike samanhengar at eg har avleia dei tre erkjenningssinteressene i *Heimen*. Sjå Habermas 1968

4. Ein andre artikkel vil diskutere dei siste 25 åra, fram til og med 2021. Sjå «*Heimen*. Lokalhistoria inn i eit nytt tusenår. Del 2 (1995–2022)».

5. For perioden dekkja i denne artikkelen, 1922 til 1994, byggjer eg på dei to registra til *Heimen* utarbeidd av K. Frøyset (Register til *Heimen* 1922–1966) og J. Molde (Register til *Heimen* 1967–1994).

6. Johnsen et al. 1922/25: 2

7. «Fra bygd og by» rapporterte mindre oppdagingar av lokalhistorisk interesse, «bibliografi» var ei liste over trykksaker innanfor lokallaga og «nye bøker» omtalte nye bøker med særleg lokalhistorisk interesse.

kning, og tidsskriftets oppgave må det fremforalt være at vekke og nære den kjærlighet til hjemmet og dets minner, som har været og er drivkraften i den lokalhistoriske bevegelse hos os.»⁸ Retorisk er dette ei vidareføring av føreordets innleiande passasjar, sidan «verkstaden» og «møtestaden» får eit konkret innhald så vel som ein konkret funksjon. Det er eit snev av bonderomantikk over presentasjonen av den lokalhistoriske erkjenningssinteresse, men den er mest av alt historiografisk grunngeve. «Hjembygdsforskning» har lange tradisjonar i Noreg, med ei lokal historieskriving som går attende til 1500-talet. 1800-talet er mest kjend for si nasjonale historieskriving, men det er viktig å hugse på at òg mengda av lokalhistoriske arbeid auka gjennom hundreåret.

Med eitt unntak⁹ har alle artiklane i det første bandet ei distinkt lokalhistorisk forankring – og fleirtalet synleggjer òg ei lokalhistorisk erkjenningssinteresse. I motsetnad til kva ein kanskje skulle tru, blei denne erkjenningssinteresse sjeldan skriven fram i opposisjon til den nasjonale historieskrivinga, rikshistoria. Det einaste klare eksempelet på at lokalhistorie blei definert i ljøs av rikshistoria, var diskusjonen til Torstein Høverstad om lokal skulehistorie,¹⁰ og då karakterisert av at Høverstad tok til orde for ein dialog mellom det rikshistoriske og det lokalhistoriske:

La riksskulesoga vera Dykkar tenar, vegvisar fram til nylendet der den heimlege, lokale kunnskapen ventar på Dykk. Finn De drag som sannprovar den aalmenne soga, so ber dei fram. Finn De drag som motprovar den aalmenne granskinga, so ber dei fram. Kanskje har De funne noko nytt, som ingen fyrr har gaatt, og som kann have aalment verd langt utanfor den einskilde bygda.¹¹

Artiklane i det første bandet av *Heimen* er mest av alt karakteriserte av at lokalhistoria blei handsama på sine egne premiss, sjølv om den lokale erkjenningssinteresse stundom blei knytt til romantiske *motiv*. G. E. Christiansen forklarar såleis «den store strømdring i norsk lokalhistorisk forskning» kring 1900 med «trangen til at kjende hjemmehøghet».¹² For Emil Bødtker er oppgåva til lokalhistoria «at leve sig ind i en svunden tid, saa vi lever med og glemmer det som skiller os fra den».¹³ Målsetjinga om å «leve sig ind i en svunden tid» er eit typisk romantisk motiv, og det same gjeld for den distinkte konservatismen som Bødtker meiner er målet for opplæringa i lokalhistorie: «... at ungdommen føler sig hjemme i sin hjembygd og hjemdal, kjender dens historiske minder, dens gamle sæder og skikke, dens sprog, sagn og sange, aa den selv engang kan staa færdig til at slaa vakt om fortidens arv.»¹⁴

Først etter å ha presentert den institusjonelle og den lokale erkjenningssinteresse blir den vitenskapsteoretiske erkjenningssinteresse introdusert. *Heimen* skal, ifølgje redaksjonen, «holdes på et vitenskapelig nivå», og «det skal fortrinnsvis indta avhandlinger av metodisk art, d.v.s. slike, som ved sitt innhold og sin form kan forutsett å være særlig oplysende for de lokalhistoriske granskere og interesserte».¹⁵ «Vitenskapelig nivå» og «metodisk art» blei verken definert eller spesifisert i føreordet, og eit blick på bidraga i det første bandet kan tyde på at redaksjonen gjorde lurt i dette. Redaksjonen understreka at tidsskriftet *ikkje* skal «tilstrebe å bli et magasin for lokalhistorie og folkeminner».¹⁶ I staden skal *Heimen* vere eit

8. Johnsen et al. 1922/25: 2

9. Bing 1922/25: 245–264

10. Sjø òg det Fr. Scheel, i ei framstilling av «Arkivene og lokalhistorien», kalla ein «friktion mellem bygdehistorikere og riksarkivet». Scheel 1922/25: 111

11. Høverstad 1922/25: 269

12. G. E. Christiansen 1922/25: 157

13. Bødtker 1922/25: 315

14. Bødtker 1922/25: 315

15. Johnsen et al. 1922/25: 2

16. Johnsen et al. 1922/25: 2

bindeledd mellom «folkeminneinnsamlingen og vor historiske vitenskap i det hele på denne ene side og de lokalhistoriske granskere på den annen».¹⁷ Den historiografiske utviklinga som ligg under eit slikt syn på lokalhistorie som vitenskap, blei interessant nok tematisert av Fr. Scheel. Ifølgje Scheel var lokalhistoria på 1800-talet karakterisert av eit kvantitativt «tilbakeskritt» – samanlikna med dei omfattande topografiske bygdeskildringane frå 1700-talet – men òg av ei kvalitativ endring i at bygdebøkene blei meir historiske og i større grad basert på arkivstudiar.¹⁸

Ein gjennomgang syner at artiklane i det første bandet konkretiserer den vitskaplege erkjenningssinteressa frå føreordet på to måtar. Til saman uttrykkjer dette ei distinkt normforståing. Kjelder er eitt nøkkelord, medan vitskapleg metode er eit andre moment som går att i fleire av artiklane. Kjelder blir, ikkje overraskande, presenterte som det epistemologiske grunnlaget for det lokalhistoriske prosjektet. Stikkord for fleire forfattarar var «innsamling» og «utgjeving»: For Sigurd Kolsrud dreidde det seg om innsamling og utgjeving av gardsarkiv, særleg sidan «korkje vitskapen eller andre har tenkt det var noko større aa gøyme paa».¹⁹ Reidar Th. Christiansen var sameleis oppteken av tilgjengeleggjering og viste til at folkeminne er sentrale for å handsame den indre historia til menneske på gardane, «hvis spor i dokumenter og aktstykker oftest bare er et navn i en kirkebok og iblandt ikke det engang».²⁰ Liknande tankar fanst hjå Anders Bugge: «I en sum kan man si at historielagens antikvariske mission er at samle og atter samle, historiske opplysninger, billeder og rids, men fremfor alt at fange ind den mundtlige tradition før det blir for sent.»²¹

Den vitskaplege erkjenningssinteressa, slik den blei formidla i det første bandet, var oppteken av tilgjengeleggjering av kjelder, men i endå større grad var vekta lagt på handsaminga av kjelder. Merksemda er på skriftlege kjelder, men den vitskaplege erkjenningssinteressa blei òg knytt til folkeminne.²² Knut Liestøl var såleis av den oppfatning at granskingar av den norske ættradisjonen «ikkje hev fenge so mykje utav emnet som dei kunde». For Liestøl var dette knytt til mangelen på vitskapleg framgangsmåte: For det første har granskarar ikkje «visst kvar tilfanget var å finna», og, for det andre, «dei hev gjenge umetodisk fram og ikkje skilt ifrå einannen det som burde skiljast».²³ Fleire bidrag, inkludert det til Liestøl, er elles prega av Kristian Erslev sine tankar om at historisk forskning inneheld to fasar – innsamling og «granskingi av det» på den eine sida og sjølv historiskskrivinga på den andre.²⁴

Den vitskaplege erkjenningssinteressa dreidde seg altså om skulering for å finne fram til kjelder på den eine sida og bruk av «historisk kritik» for å kunne handsame kjeldematerialet på den andre. «Historisk kritik», eller kjeldekritikken, blei ikkje spesifisert, men i staden sett på som eit resultat av den vitskapleggjeringa som har prega all historisk forskning, inkludert lokalhistorie, sidan byrjinga av 1800-talet. Det var likevel dei, som Høverstad, som forfekta ein meir pragmatisk ståstad, der det blei sett spørsmålsteikn ved om ikkje slike krav kan ha negative følgjer. Rådet han gav til forfattarar av skulehistorie, er klart: «Ver ikkje for

17. Johnsen et al. 1922/25: 2

18. Scheel 1922/25: 110

19. Kolsrud 1922/25: 56

20. R. Th. Christiansen 1922/25: 71

21. Bugge 1922/25: 355

22. Sjø og drøftinga til R. Th. Christiansen 1922/25: 58–59

23. Liestøl 1922/25: 146

24. «Den naturlege gangen i arbeidet med ei lokal skulesoge bør vera: innsamling av det munnlege kjeldetilfanget, lesing av bøker um og fraa skulesoga, gjennomgaaing av prenta tilfang, arkivgranskinga.» Liestøl 1922/25: 291 Medan Liestøl er oppteken av den første fasen, tematiserer G. E. Christiansen òg den andre fasen, historiskskrivinga. Med utgangspunkt i ein diskusjon av lokalhistoriske tidsskrifter meiner han at «mangel paa historisk kritik har imellem gjort det vanskelig at skjelne væsentlig fra uvæsentlig ...» G. E. Christiansen 1922/25: 196

kritisk. Det er i framberinga av tilfang – ikkje i kritikken av tilfanget – at den lokale skulesogeskrivinga har sitt største verd.»²⁵ Ein slik tanke om at lokalhistoria ikkje må bli eit eksklusivt føretak for vitskapleg skulerte forskarar, ligg under mange av oppmodingane til innsamling og utgjeving av lokalt kjeldemateriale – og truleg òg den lite spesifikke presentasjonen av den vitskaplege erkjenningssinteressa i føreordet.

Om me forlèt dei observasjonane som i all hovudsak har med kjeldehandsaming å gjere, og spør om kva det første bandet av *Heimen* seier om form, er svara meir varierte. Føreordet gjev få haldepunkt ut over at det blir slått fast at bidrag bør vere «oplysende for de lokalhistoriske granskere og interesserte». Emil Bødtker hadde derimot ei klar oppfatning. Han var oppteken av at detaljane må få spelerom, gjerne på kostnad av «historiske utsyn og overblik». Grunnhaldninga er empiristisk, klart uttrykt av at «utsyn og overblik» blir omtala som «konstruksjoner»: «Jeg for min del har faat en altid sterkere mistillid til historiske konstruksjoner, selv om de er utført med Ernst Sars's mesterhaand.»²⁶ Bødtker var den einaste som forfekta ei slik radikal empiristisk grunnhaldning, men han var ikkje den einaste som hadde synspunkt på forma. Høverstad hadde òg ei klar oppfatning, oppteken som han var av å folkeleggjere framstillingsforma:

Den beste lokale skulesoga nærmar seg den reine forteljninga; slik som han far-far kunde ha sete i peiskrogen og fortalt det altsaman. Soleis at den kloke manns kritikk lyser utan ord i sjølve forteljemaaten. Og slik at ikkje ein kunde mistru deg for aa hava rota noko av dette fram av arkivdumba.²⁷

Synspunktet er interessant, sidan det syner eit medvit om ulike framstillingsmåtar i lokalhistorisk forskning. Synspunktet speglar nok forteljarideal hjå dei Dag Hundstad har kalla «barfothistorikarar» – sjølvgrodde historikarar med ein slags geografisk opphavsrett til å utforske sine eigne lokalsamfunn.²⁸ Der fleire av desse berrføtthistorikarane stilte seg sterkt kritiske til vitskapleggjeringa av lokalhistorie, var det for Høverstad ingen motsetnad mellom «den reine forteljninga» og ein vitskapleg framgangsmåte. Ved å ta utgangspunkt i skiljet mellom innsamling og framstilling meinte Høverstad, i tråd med Erslev, at det er første fase som garanterer for det vitskaplege.

Artiklane i det første bandet plasserer seg mellom desse to ytterpunkta. Det er til dømes berre éin artikkel som er utstyrt med noter,²⁹ og utover historiografiske overblikk finst det lite dialog med tidlegare forskning. Skilnaden er stor samanlikna med *Historisk tidsskrift* frå same periode, som målbar ein langt meir utvikla og einsarta vitskapleg signatur.³⁰ Mangfaldet reflekterer at det ikkje fanst éi normforståing i tidsskriftet, men det har nok òg å gjere med eit stort forfattarmangfald. Redaktøren, Oscar Albert Johnsen, var professor i historie ved Universitetet i Oslo og det same var Edvard Bull.³¹ Arkivarane med bakgrunn frå folkeminnegranskinga dominerte, med heile fem artikkelforfattarar, men òg folkloristar, lærarar og ein kunsthistorikar bidrog til det første bandet. Frå ein annan ståstad, med blikk på lokalhistorie som felt, er det slett ikkje umogeleg at denne tverrfaglege samansettinga bidrog til at *Heimen* i liten grad målbar revirkamp mellom historie og folkeminnegranskinga.³²

25. Høverstad 1922/25: 269

26. Bødtker 1922/25: 314

27. Høverstad 1922/25: 270

28. Hundstad 2018: 140. Hundstad har lånt omgrepet frå landskapshistorikaren John R. Stilgoe.

29. Tank 1922/25

30. Sjø Svendsen 2021; Melve 2021

31. Bull meinte sjølv at lokalhistoria hadde to oppgåver: «... en som vender inn over mot bygden selv, og en som vender utover mot hele rikets historie.» Bull 1924: 3

32. Sjø bidrag i Rogan & Eriksen 2013 for tilhøvet mellom etnologi og folkloristikk – og dessutan tilhøvet til tilstøytande felt, slik som (lokal)historie.

Ei ny tid: *Heimen* i etterkrigstida (1945–1966)

Frå det første bandet av *Heimen* frå 1922/25 og til band 7 (1946/48), som var den første årgangen etter krigen, er det vanskeleg å spore endringar i redaksjonell profil, artikkelsamansetting og normforståing. Kontinuitet på redaktørsida, i form av Oscar Albert Johnsen, er nok ei viktig forklaring. Årgangane fram til krigen vitna, som Halvard Bjørkvik har understreka, om variabel stofftilgang, og det gjeld òg bandet som kom ut under krigen (1941–45).³³

Etterkrigstida starta altså for *Heimen* med årgangen 1946, med Andreas Holmsen som ny redaktør (1946–1951).³⁴ Bjørkvik meiner at Holmsen «skapte på mange måtar eit nytt *Heimen*»,³⁵ men dette er å overdrive Holmsen sin innsats, sjølv om det ikkje er vanskeleg å finne endringar i tidsskriftet. For første gong blei tidsskriftet utstyrt med ei innhaldsoversikt som grupperte stoffet: «Åpningsartikler», «Redaksjonelt», «Lagssaker og lagsnytt», «Arbeidet i bygd og by», «Vitenskapelige institusjoner og samskipnader», «Rettleiing og ordskifte», «Andre artikler» og «Litteraturoversyn og bokmeldinger». Eit blick på artiklane syner det same mangfaldet som karakteriserer tidlegare årgangar, både når det gjeld tematikk, forfattarar og vitenskapleg normforståing. Fire av dei åtte forfattarane av «åpningsartikler» var skjønnlitterære forfattarar, éin var prest, og resten hadde akademiske stillingar. Som tidlegare var det hovudsakleg ei lokalhistorisk erkjenningssinteresse som tilførte ein-skap til tidsskriftet – stundom knytt til institusjonelle forplikningar: «Vår oppgave er å løfte vår kulturarv fram i lyset og klarlegge sammenhengen med vår fortid innenfor rammen av ætt og ættegard, heimbygd og heimby.»³⁷

Denne programforpliktinga er å finna under rubrikken «redaksjonelt», og av justeringane til den nye redaksjonen er slike kommentarar av dei viktigaste. Det er i desse ein finn normative utsegner knytt til forma og funksjonen til *Heimen*.³⁸ Innslaga under «Redaksjonelt», som berre finst i den første årgangen til Holmsen som redaktør, tok gjerne utgangspunkt i ein av artiklane i tidsskriftet. Dei har det til sams at dei målbar ein heilt ny brodd mot det rikshistoriske. Under overskrifter som «Eit grunnspørsmål», «Kulturreising i bygdene» og «Spesialisering og samyrke» blei den lokalhistoriske erkjenningssinteressa styrka ved at han i større grad enn tidlegare blir definert i ljøs av eit sentrum (styremaktene, byane og kjeldeinstitusjonane i hovudstaden), det rikshistoriske (faghistorikarane) og utviklingar i historieforskinga (spesialisering). I korte drag var kravet at sentrum, særleg kjeldeinstitusjonane, måtte syne ei anna haldning til lokale behov. Målet var ambisiøst, å «berga vår kulturarv», men dette kunne berre skje om institusjonane «opnar seg meir utover mot folket». Det er utan tvil moment hjå Holmsen som minner om den tyske *Heimat*-rørsla sitt krav om kulturell desentralisering,⁴⁰ men utan at han av den grunn tona ned det vitenskaplege.

Eit slikt syn på lokalhistorisk forskning og rolla til *Heimen* gjorde såpass inntrykk at den

33. Bjørkvik 1997: 245

34. For synet til Holmsen på lokalhistorie, med vekt på «de historiske utviklingslinjene i bygdesamfunnet» så vel som «den kritisk-vitenskapelige holdning til stoffet», sjå Fladby 1970: 64–65.

35. Bjørkvik 1997: 245–246

36. Med somme justeringar dannar desse rubrikkane òg ramma for dei følgjande årgangane av *Heimen*.

37. Holmsen 1946/48: 5

38. Sjå òg tankane til Reinton om «den glade vitskap» i same bandet og særleg oppfatninga om at «lokalhistorikaren treng utsyn. Han må aldri gløyme at bygda og landsbygda er ein del av eit større heime, – av landet og verda elles.» Reinton 1946/48: 66

39. «Er det rett det synet som her er lagt fram, vil dei institusjonane som skal berga vår kulturarv, berre tena si eiga sak om dei opnar seg meir utover mot folket ... » Holmsen 1946/48: 669, 1

40. Sjå Hundstad 2020: 12 med vidare referansar for ein diskusjon av tankegodset frå *Heimat*-rørsla sitt gjennomslagskraft i den norske kulturhistoriske diskursen.

neste redaksjonen, med Randi Kleven og Halvard Bjørkvik som redaktører (1952–1954),⁴¹ via det særleg merksemd. I eit slags føreord til det første nummeret diskuterte den danske landsarkivaren Johan Hvidtfeldt redaktørgjeringa til Holmsen: «Han vil have knyttet forbindelsen mellem lokalhistorikerne ude i bygderne og faghistorikerne, udgået fra Universitetet i Oslo.»⁴² Holmsen si vitskaplege normforståing blei òg understreka: «Historie er for ham et håndværk, et fag ...»⁴³

I den grad redaktørtida til ekteparet Bjørkvik, som berre strakk seg over to band, var ein reaksjon på perioden til Holmsen, synleggjorde perioden med Lars Reinton som redaktør (1955–1966) ein meir aktiv redaksjonell profil.⁴⁴ Redaksjonen byrja igjen å kommentere sentrale spørsmål i den lokalhistoriske forskinga, gjerne med utgangspunkt i artikkelbidrag. Om redaktørperioden til Holmsen hadde understreka ei vitskapleg normforståing, er det først under Reinton at *Heimen* får ei overvekt av artiklar – sjølv om rubrikkar som «Lagsnytt og lagssaker» og «Arbeidet i bygd og by» framleis er på plass. Det første bandet med Reinton som redaktør, band 11 (1958–1960), romma 37 artiklar fordelt på ei rekkje kategoriar. Til samanlikning fanst det 20 artiklar i det første bandet til ekteparet Bjørkvik og berre 12 i det første etterkrigsbandet med Holmsen som redaktør. Medan *Heimen* frå grunnleggjinga hadde vore prega først av ei lokalhistorisk erkjenningssinteresse og sekundært av ei vitskapleg, blei dette snudd om i denne perioden. I den første kommentaren til redaksjonen, «Mål og med i lokalhistorisk gransking», blei fleire heilt grunnleggjande problemstillingar drøfta, blant anna lokalhistoria som vitskap og tilhøvet mellom rikshistorie og lokalhistorie. Redaksjonen understreka at «arbeidet åt lokalhistorikaren skal fullnøye vitskaplege krav ...», men lokalhistorikaren «skal òg gje bygde- og byfolk allsidig kunnskap om bygda eller byen, og ho skal vera til nytte i kommunen, i administrasjonen og i oppsedinga».⁴⁵

Der redaktørperioden til Holmsen formidla eit lett antagonistisk tilhøve mellom lokal- og rikshistoria, tok den nye redaksjonen til orde for samarbeid. I dette låg det, noko paradoksalt, ein uttalt premiss at sjølv om «*lokalhistorisk gransking er ein vitskap for seg, som blir driven ut frå sereigne føresetnader og med si eiga målsetting*»,⁴⁶ botnar samarbeidet i ei arbeidsdeling: «Vi bør vera klår over at hovudoppgåva åt *lokalhistorikaren* er å skaffe stoff til vårt lands og folks historie og å kaste lys over ålmenne problem meir enn å *løyse problema* ... Han (lokalhistorikaren) må fyrst og fremst kjenne seg som led i eit stort *teamwork*».⁴⁷

Det er ein vanskeleg balansegang Reinton her prøvde seg på. Det å hevda at lokalhistorie er ein vitskap med «sereigne føresetnader og med si eiga målsetting», blir fort innhaldstomme ord dersom lokalhistoria si hovudoppgåve er å vere premissleverandør for rikshistoria. Det er fristande å lese denne formuleringa i ljøs av at den lokalhistoriske erkjenningss interessa i denne perioden blei underordna den vitskaplege. Der denne normforståinga under Johnsen si redaktørtid blei knytt til kjelder og kjeldehandsaming og reflekterte Erslev sitt todelte syn på historisk forskning, måtte lokalhistorisk forskning no ta opp

41. Randi Kleven sat som redaktør åleine i 1952, seinare saman med ektemannen Halvard Bjørkvik, frå 1953 og 1954, då som Randi Bjørkvik.

42. Hvidtfeldt 1952/54: 1

43. «Han fremhæver gang på gang, at undersøgelsen må føres til bunds, at hele kildematerialet må udnyttes, og at alle problemer må tages op til undersøgelse.» Hvidtfeldt 1952/54: 1. Ifølgje Hvidtfeldt skal *Heimen* «vise vejen frem for de mange, der rundt om arbejder med hjemstavnsens historie.» Hvidtfeldt 1952/54: 2

44. For Alsvik 2009: 17–19 personifiserer Reinton ei «romantisk-ekspressiv» line i norsk lokalhistorisk forskning – ei line som «la vekt på emosjonell nytteverdi, på lokalbefolkningen som målgruppe og på kulturhistorien som det sentrale stoffområdet i det lokalhistoriske forskningsarbeidet».

45. Reinton 1958/60: 113

46. Reinton 1958/60: 115. Forfattern si kursivering.

47. Reinton 1958/60: 114. Forfattern si kursivering.

spørsmål om forma og funksjonen til framstillinga. Tankane til Reinton må kanskje òg forståast i ljøs av at den vitskaplege rikshistoria truleg aldri stod sterkare enn i den første etterkrigstida. Sjølv om det i ettertid kan synast underleg at Reinton ukritisk adopterte eit slikt syn, gjev det meining som eit, for Reinton, logisk endepunkt i vitskapleggjeringa av lokalhistoria.

Eit blikk på innhaldet i *Heimen* i redaksjonsperioden til Reinton syner, ikkje overraskande, mindre endringar enn det redaktøren la opp til. Ingen av artiklane prenta i denne perioden vedkjenner seg eksplisitt til denne arbeidsdelinga, sjølv om den ligg implisitt i somme arbeid. Den lokale erkjenningsinteressa, der lokalhistoria har verdi i seg sjølv og heilt på sine egne premiss, er sameleis lett å få auge på i desse årgangane. Mangfald er nøkkelordet, ikkje minst uttrykt i at registeret opererer med heile 64 saksfelt under kategorien «Artikler. Foredrag. Bibliografier». Om me held utanfor bibliografiane, er det 5 saksfelt som markerer seg som særleg viktige, og som dessutan understrekar tidsskriftet si tunge, lokale erkjenningsinteresse: «Arkivvesen», «Biografier», «Folkeminne. Folkeminnegransking», «Lokalhistorie. Lokalhistorisk arbeid» og «Museer. Museumsarbeid».⁴⁸

Nye perspektiv og utfordringar (1967–1994)

Om redaktørperioden til Reinton kanskje kan sjåast på som ein reaksjon på den førre, er det vanskeleg å lese føreordet til den nye redaksjonen (1967–1969) som noko anna enn ein kommentar til eit syn som gjer lokalhistorie til premissleverandør for rikshistoria. Med utgangspunkt i ein historiografisk observasjon som la vekt på at lokalhistoria blei stadig meir «preget av planmessig forskning», vektla den nye redaksjonen, med Rolf Fladby som redaktør, «metodiske spørsmål». Metode var eit sentralt innslag i den vitskaplege normforståinga som gjekk attende til tidsskriftet sine tidlege år (kjelder og kjeldetypar), men det blei òg tatt initiativ til metodisk fornying – «nye eller lite prøvde metoder som det kan bli aktuelt for lokalhistorikerne å ta i bruk».⁴⁹ Ein slik subtil appell om å utvide det metodiske synsfeltet blei etterfølgd av ein langt mindre subtil appell om å «utvide synsfeltet»: «Her må dagens og morgendagens lokalhistoriker være forberedt på å utvide synsfeltet om han vil være på høyden.»⁵⁰ Lokalhistorie blei såleis plassert i eit tverrfagleg landskap – metodisk så vel som når det gjeld perspektiv – med svekking av bandet til rikshistoria som resultat.

Slike oppmodingar om å utvide metode og perspektiv gav få utslag i artiklane under Fladby og påfølgjande redaksjonar fram til 1976.⁵¹ «Ei solid vidareføring av føregåande årgangar» var dommen frå Egil Nysæter om redaktørtida til Bjørkvik (1973–1975).⁵² Det er heller ikkje mogeleg å finne eit stort innslag av dei nye binstrekshistoriene som byrja å gjere seg gjeldande på 1960- og 1970-talet, i all hovudsak variantar av sosialhistorie. Dette står i ein viss kontrast til *Historisk tidsskrift*, der 1970-talet representerte ei første omkalfatring i form av nye saksfelt, ei utviding av geografisk rom og inntoget til kvinner som forfatarar. Den mest markante utviklingslina i desse tiåra er ei stadig meir artikulert vitskapleg normforståing. Artiklane på 1960- og 1970-talet blei lengre; dei korte observasjonane om stort og smått som prega tidsskriftet før krigen, hadde mest forsvunne. Registeret for

48. Registeret for tida mellom 1922 og 1966 opererer med fem hovudkategoriar: (A) Lagsnytt og lagssaker. Medlemslister, meldingar, (B) Norsk lokalhistorisk institutt, (C) dikt, (D) Artikler. Foredrag. Bibliografier og (E) Bokmeldingar. Frøysset 1968

49. Fladby 1967/69: 1

50. Fladby 1967/69: 1–2

51. Fladby sat i to år (1967–1969), etterfølgd av Hans Try (1970–1972) og Halvard Bjørkvik (1973–1975).

52. Nysæter 1995: 64

årgangane 1967–1994 synleggjer dette ved at «Artikler» er ein sjølvstendig kategori og ikkje lenger del av kategorien «Artikler. Foredrag. Bibliografier» slik som i tida mellom 1922 og 1966.⁵³ Eit anna viktig innslag i arsenalet av vitenskaplege markørar, noter, blei det òg langt meir av i første del av 1970-talet.

Ei slik styrking av den vitenskaplege profilen resulterte i eit todelt tidsskrift. Allereie Johnsen observerte at *Heimen* romma to erkjenningssinteresser – ei lokal og ei vitenskapleg – men det var Holmsen som først peika på utfordringar med å innlemme bae innanfor same tidsskrift. Holmsen og seinare redaksjonar understreka, i større eller mindre grad, at lokalhistoria må vere vitenskapleg, men diskuterte ikkje den rolla som *Heimen* tidlegare hadde hatt som kanal for amatørhistoria. I så måte er det korte føreordet til Jørn Sandnes (1976–1986) som ny redaktør av stor interesse, sidan han tok opp følgjene av at den vitenskaplege erkjenningssinteressa no dominerte fullstendig. Sandnes identifiserte to strøymingar i den lokalhistoriske aktiviteten dei siste 10–15 åra, «den folkelige og den faglige». Den første dreidde seg om ei auka interesse for lokalkultur og nærmiljø, knytt til «trivels-, miljø- og identitets-spørsmål», medan «den andre strømingen var av faglig-metodisk art».⁵⁴ Sandnes slo fast at *Heimen* har ein dobbel funksjon – eit historisk fagtidsskrift vendt mot lokalsamfunnet – men vedgjekk samstundes at dette «stiller krav, som vi alle har vanskelig for å fylle, om å forene faglig kvalitet med folkelig form».⁵⁵

I ljøs av at *Heimen*-redaksjonane berre sjeldan har sett fram spesifikke programforpliktingar, representerte føreordet noko nytt. For Sandnes var det viktig at *Heimen* gav «seg i kast med historien til nye lokalsamfunn: byer, tettsteder, drabantbyer».⁵⁶ Ei slik tematisk (og kronologisk) utviding av lokalhistoria er interessant, særleg sidan redaksjonelle observasjonar alltid har retta blikket mot rammene for lokalhistoria – kjelder, kjeldetilgang, metode og, i mindre grad, perspektiv. I tillegg til historia om nye lokalsamfunn ønska Sandnes at blikket skal løftast mot lokalhistoria i andre land – i kraft av at lokalhistoria til dels har sams problem, metodar og undersøkingsobjekt.⁵⁷

Undersøkingsobjektet for lokalhistoria hadde ikkje tidlegare blitt tematisert – og berre i avgrensa grad blitt forsøkt avgrensa til andre felt, som etnologi og folkeminnestudier. Det er nok ikkje tilfeldig at dette skjedde på 1970-talet, prega som dette tiåret var av ei stor vekst i lokalhistorisk aktivitet. For å illustrere denne veksten har Aud Mikkelsen Tretvik peika på at det blei publisert kring 510 band grads- og ættesoge mellom 1970 og 1995.⁵⁸ Veksten, som ikkje i liten grad står i samband med ei profesjonalisering av lokalhistorie, førte til diskusjonar om skiljet mellom akademisk og folkeleg lokalhistorie. I 1974 lanserte Sandnes sjølv det i ettertid mykje omtala «herre-knekt»-tilhøvet mellom rikshistoria og lokalhistoria: Rikshistoria og «profesjonelle historikere» har «definert lokalhistorien og dens plass». Sandnes tok til orde for ei arbeidsdeling der «rikshistorikerne skal (...) levere verktoy og kvesse verktoyet (...) Lokalhistorikerne får selv bestemme hva de skal bruke verktoyet til».⁵⁹ Det er mogeleg at Sandnes var inspirert av den nye sosialhistoria sine tankar om eigarskap til eiga historie, slik Jon Skeia har hevda, men det er lite i redaktørperio-

53. Sjø Molde 1995

54. Sandnes 1976/78: 1

55. Sandnes 1976/78: 1. Sandnes var taus når det gjaldt spørsmålet om det var mogeleg å sameine det faglege med det folkelege – ut over at han slo fast at «nostalgi og bygderomantikk» ikkje hadde ein plass i *Heimen*.

56. Sandnes 1976/78: 2

57. «Lokalhistorie drives i de fleste land, til dels på høyt nivå. Problemer og metoder er til dels felles, og studieemner er felles: de lokale samfunns historie. Det har vært pekt på at lokalhistorien i sitt vesen er mer allmenn og mindre provinsial enn den nasjonale politiske historien. I alle fall er det mye å lære av andre, her som ellers.» Sandnes 1976/78: 2

58. Tretvik 2004: 59

59. Sandnes 1975: 159, 167

den til Sandnes som vitna om at «undertrykte minoriteter og sosiale grupper» kom meir til orde.⁶⁰

Dei følgjande utgåvene målbar ikkje store endringar, og i det redaksjonelle føreordet «'Heimen' og lokalhistoria framfor 1980-åra» (1979) blei «den nyaste lokalhistoria» på nytt etterlyst. Føreordet inneheld ingen nye programerklæringar, verken med omsyn til det faglege eller det folkelege.⁶¹ Det årgangen derimot romma, var ei vidareføring av debatten frå tidlegare årgangar, i form av at Johs. B. Thue innleia ein diskusjon om «Kva er lokalhistorie?» ved å igjen understreke lokalhistorie på lokalsamfunnets premiss.⁶² Medan denne diskusjonen blei ført i ein ytst sivilisert tone og knapt innførte nye moment, var det meir temperatur i den kritikken som lokalhistorikaren og bygdebokforfattaren Odd Stensrud retta mot *Heimen* i dei første sidene av 1982-årgangen:

Førsteintrykket av «*Heimen*» er at dette er et kjedelig blad. Utstyret er praktisk talt like ens i dag som ved starten i 1922 (...) Generelt bærer «*Heimen*» preg av lange artikler som forskere skriver for andre forskere. Grasrota blir fromt oppfordret til å skrive i Kontakt-spalta bakerst i tidsskriftet. Redaksjonen burde heller gis vilkår så det kunne drives aktiv redigering med bl.a. reportasjer fra det som skjer på lokalplanet som kunne ha interesse for en landsomfattende leserkrets.⁶³

Stensrud skreiv eit partsinnlegg, og det er vel heller tvilsamt om forfattaren hadde basert synspunkta på ei meir systematisk etterrøking av profilen til tidsskriftet. I ljøs av det som tidlegare har blitt sagt om utviklinga til *Heimen*, peika likevel Stensrud på viktige faktorar. Av dei tre dimensjonane i profilen frå tidleg av – den institusjonelle, den lokale erkjeningsteoretiske og den vitenskapsteoretiske – var Stensrud den første som peika på at dominansen til den vitenskapsteoretiske har følgjer òg for dei institusjonelle forpliktingane til tidsskriftet. Dei lange og detaljerte oversyna kring lokalhistorisk aktivitet var borte, og det var òg «Fra bygd og by», det faste innslaget i dei tidlege årgangane, som rapporterte stort og smått. I staden for å fungere som «verksted» og «møtestedet» hadde *Heimen*, ifølgje Stensrud, blitt eit tidsskrift dominert av ei vitenskapleg normforståing på line med andre historiske fagtidsskrift.

Kritikken til Stensrud var ikkje den første som tok opp *Heimen* til debatt, men det var den første som diskuterte profilen til tidsskriftet på eit meir prinsipielt grunnlag.⁶⁴ Svaret frå redaksjonen, forfatta av Helge Salvesen (1979–1986), representerte på somme måtar eit vendepunkt for tidsskriftet: Det som eventuelt hang att av forpliktingar med omsyn til det Sandnes i 1976 kalla «folkelig form», blei frå redaksjonen si side meir eller mindre sett til side. Grunngevinga var delvis historiografisk, der det blei vist til at *Heimen* «er et ektefødt barn» av den vitenskaplege lokalhistoria som tok form i mellomkrigstida.⁶⁵ Erkjenninga av at nesten alle forfattarane i *Heimen* i siste del 1970-talet var akademikarar, var, for Salvesen, såleis del av ei utvikling som kunne førast tilbake til tidsskriftet sin barndom. Ved å hevde at eit tidsskrift meir retta inn mot grasrota «neppe fullt ut kan tilfredsstillles innenfor rammene av ett og samme tidsskrift»,⁶⁶ tok Salvesen eit endeleg farvel med det folkelege – i alle fall med omsyn til artiklane i tidsskriftet.

Det er likevel viktig ikkje å gjere dette meir dramatisk enn det var; vitenskapleggjinga av tidsskriftet går, som nemnt, langt tilbake, og Salvesen peika sjølv på at «den selvlærte byg-

60. Skeie 2018: 448

61. Sandnes & Salvesen 1979/81

62. Thue 1979

63. Stensrud 1982: 1

64. Sjø Slettan 1997 for ei instruktiv framstilling av somme av debattane kring lokalhistorie på 1970- og 1980-talet.

65. Det blir blant anna vist til «den store interesse for bosetningshistorie i miljøet rundt Instituttet for sammenhengende kulturforskning». Salvesen 1982: 81

66. Salvesen 1982: 82

dehøvdningen ... har forsvunnet i kruttøyken etter utdanningsekspløsjonen i 1960- og 1970-åra». ⁶⁷ I tillegg hadde profesjonalisering og spesialisering, ifølgje Salvesen, gjort fagtidsskrift så vel som populærvitenskaplege tidsskrift mindre ålmenne og mindre leseverdige for ikkje-ekspertar. ⁶⁸ Denne stadfestinga av *Heimen* som eit vitenskapleg tidsskrift innebar då heller ingen større endringar i profil. Om noko blei den institusjonelle dimensjonen styrka gjennom spaltar som «Småstykker» og «Landet rundt» og dessutan serien «Lokalhistorie i våre landsdeler».

Etter ti år med Sandnes og sju år med Salvesen i redaktørstolen overtok i 1987 ein redaksjon med forankring i lokalhistorikarmiljøet i Trondheim: Kjell Haarstad, Anders Kirkhusmo og Dagfinn Slettan. Førordet i det første nummeret viste til debatten om den faglege profilen til *Heimen*, særleg knytt til eit søkkande abonnementstal, men inneheldt ingen klar programerklæring, ut over at «redaksjonen vil søke å føre vidare den fornyelseslinje den avtroppende redaksjon har begyndt», så vel som å styrke *Heimen* som «møtested». ⁶⁹ Av ulike grunnar stilna kritikken, og det kan òg sjå ut som innhaldet i tidsskriftet sjeldan blei drøfta på styremøta til landslaget. ⁷⁰

Om den nye redaksjonen innleiingsvis ikkje sette fram ein klar redaksjonell profil, skulle dette raskt endre seg. Allereie i det andre nummeret blei ein tinga artikkel prenta. Der tidlegare redaksjonar hadde akseptert at *Heimen* var eit postkassetidsskrift – og jamvel stilte etiske spørsmål om eit tidsskrift burde redigerast meir aktivt ⁷¹ – var det nettopp ein meir aktiv profil som kjenneteikna Trondheimsredaksjonen frå 1986. Kvart hefte kom no med «Fra Redaksjonen», som kommenterte både lokalhistoriske saker meir generelt og innhaldet i tidsskriftet.

Ein slik meir aktiv redaksjonell profil var nok eit resultat av lite stofftilgang, ⁷² men det var nok mest av alt ei følgje av at redaksjonen ønska å realisere målsetjinga om å gjenreise *Heimen* som «møtstad». I eit vidare perspektiv er det òg frå midt på 1980-talet at *Historisk tidsskrift* innførte ein meir aktiv redaksjonell profil, med blant anna temanummer. ⁷³ Ei organisatorisk nyvinning dukka opp òg mot slutten av tiåret: I 1989 blei det oppretta eit eige meldingsblad for landslaget – som såleis kunne ivareta den institusjonelle erkjenningsinteressa i langt betre grad enn det *Heimen* var i stand til.

Den i ettertid viktigaste endringa i tidsskriftet i desse åra var verken knytt til ein meir aktiv redaksjonell profil eller organisatoriske nyvinningar, men dreidde seg i staden om ei utviding av saksfelt. Av dei 68 saksfelta som registeret opererer med, var 9 nye tilskot frå siste del av 1980-talet og første del av 1990-talet: arbeidshistorie, barnehistorie, etnisk historie, fotohistorie, kvinnehistorie, metrologi, munnleg historie, minoritetshistorie (især samisk historie) og artiklar som diskuterte tilhøvet mellom edb og (lokal)historie. ⁷⁴ Frå appellen til Jørn Sandnes i 1976 gjekk det altså over 10 år før ei horisontutviding for alvor gjorde seg gjeldande. Samanlikna med *Historisk tidsskrift*, som vitna om ei utviding av saksfelt i retning det sosialhistoriske på 1970-talet, hang *Heimen* noko etter. ⁷⁵ Tidsskriftet var derimot i forkant med omsyn til mangfald. Det dreier seg rett nok ikkje om eit stort tal artiklar innan dei 9 kategoriane, men fleire av desse har tatt opp i seg nyare internasjonale

67. Salvesen 1982: 83

68. Salvesen 1982: 83

69. Haarstad et al. 1987: 2

70. Nysæter 1995: 71

71. Salvesen 1982: 82: «... i den grad det er etisk riktig og faglig forsvarlig å styre forskningen fra redaktørkrakken.»

72. Redaksjonen klaga ved fleire høve over lite tilgang på stoff. Sjå til dømes Haarstad et al. 1987: 2, 1991: 1

73. Sjå Melve 2021: 326

74. Molde 1995: 116–138

75. Melve 2021: 325–326

strøymingar kring mentalitet og kultur. Ifølgje Harald Winge gjorde «nye historier og tilnærminger», slik som kjønn, materiell kultur og mentalitet, lite av seg i den lokalhistoriske litteraturen i tidsrommet mellom 1970 og 1995.⁷⁶ I så måte var *Heimen* ved utgangen av perioden til Trondheimsredaksjonen eit ganske anna og meir mangfaldig tidsskrift enn berre ti år tidlegare – og må difor reknast som progressiv kraft i eit perspektiv som tek omsyn til heile den lokalhistoriske produksjonen.

Avslutning

«Det er ein indre identitet, ein indre samanheng i lokalhistoria, og denne identiteten har *Heimen* vore med på å styrkja.»⁷⁷ Det er vanskeleg å vere usamd i vurderinga til Bjørkvik av tidsskriftet ved 75-årsfeiringa i 1997, sjølv om han seier heller lite om kva som utgjer denne «indre identiteten», og i kva grad og på kva måte den har endra seg. Tidsskriftet som blei etablert i 1922, synleggjorde ei umåteleg sterk lokalhistorisk erkjenningssinteresse. Som eit organ for lokallaga stod òg ei institusjonell erkjenningssinteresse sterk, knytt til tanken om tidsskriftet som «verksted» og «møtestedet». Den tredje erkjenningssinteressa som blei uttrykt i det første nummeret, den vitskapelege, var til skilnad ei programforplikting som berre i varierende grad blei følgt opp i den lange redaksjonsperioden til Johnsen (1922–1945).

I den grad det er mogeleg å tale om ein «indre identitet» i perioden som her er undersøkt, 1922–1994, er denne i all hovudsak knytt til den lokalhistoriske erkjenningssinteressa. Dei to andre erkjenningssinteressene presenterte i det første nummeret har følgt motsette utviklingslaup. Den organisatoriske har blitt mindre viktig og forsvann mest heilt då det i 1989 blei oppretta eit meldingsblad for landslaget. Den vitskapelege erkjenningssinteressa har på si side sett eit stendig større preg på tidsskriftet: Utviklinga var gradvis heller enn prega av bråe omkalfatringar, sjølv om einskilde redaksjonar var viktigare enn andre – den til Holmsen i etterkrigsåra og den til Sandnes midt på 1970-talet især. I løpet av 1970-talet fekk *Heimen* såleis ein vitskapeleg signatur som likna på den til andre vitskapelege historiske tidsskrift. I denne utviklinga ligg det òg at artiklane blei meir einsarta. Odd Stensrud, som kritiserte tidsskriftet sin profil i 1982, hadde utvilsamt eit poeng.

Om den same Stensrud hadde vurdert tidsskriftet eit tiår seinare, hadde truleg ikkje kritikken hatt same valør. Den vitskapelege signaturen på byrjinga av 1990-talet var rett nok ikkje vesentleg annleis enn i førre tiåret. Der Stensrud i 1982 meinte at tidsskriftet var «et kjedelig blad», hadde *Heimen* på slutten av 1980- og byrjinga av 1990-talet tatt til å innlemme nye saksfelt, delvis knytt til sosialhistoriske emne, men òg bidrag om mentalitetshistorie og det som i ettertid har fått namnet «ny kulturhistorie». Diskusjonen som på 1970-talet gjerne krinsa kring tilhøvet mellom rikshistoria og lokalhistoria, skulle i dei neste tiåra bli erstatta av forsøk på å fylle eit nytt og langt vidare omgrep om lokalhistorie.

I *Heimen* kom dette til uttrykk ved at redaksjonane dei neste 25 åra ikkje berre ønska å halde fram med å innlemme nye fagfelt. I tillegg tok fleire redaksjonar til orde for å utvide det geografiske undersøkingssrommet; dei ønska metodisk og teoretisk nyskaping, og dei ønska å trekkje til seg fleire kvinnelege bidragsytarar. På desse områda starta *Heimen* nesten på bar bakke midt på 1990-talet; artiklar som gjekk ut over den nasjonale ramma, var meir eller mindre fråverande, og det same kan seiast om forsøk på metodisk og teoretisk nyskaping. Kvinner hadde heller ikkje hatt ei merkbar rolle i tidsskriftet. Sjølv om fleire artikkel-

76. Winge 1995b: 86–88. Sjø òg Slettan 1995: 123, som har ei noko meir positiv vurdering, og særleg gjeld dette sosialhistoriske emne knytt til kvardagshistorie.

77. Bjørkvik 1997: 249

forfattarar dukka opp utover på 1980-talet og byrjinga av 1990-talet, er det symptomatisk for ei kjønnsfordeling som midt på 1990-talet blei omtala som «mildt sagt sørgelig»,⁷⁸ at den første artikkelen med kvinnehistorisk tematikk blei prenta så seint som i 1984.⁷⁹ Dei neste 25 åra skulle altså vitne om forsøk på å endre tidsskriftet sin profil. Somme forsøk lukkast, andre i mindre grad.⁸⁰

Litteratur

- Alsvik, Ola (1996). *Fagfelt og Folkerørslø. Norsk lokalhistorie i det 20. århundre*. Norsk lokalhistorisk institutt.
- Alsvik, Ola (2009). Fornuft og følelser. To linjer i norsk lokalhistorisk forskning på 1900-tallet. I A. Aune & G. Valderhaug (Red.), *Undervegs. Festskrift til Egil Nysæter* (s. 11–24). ABM-Media AS.
- Berggreen, Brit. (1984). Kvinneboden og mannsbonden i kulturhistorien: Om maskulinisering av det norske jordbruket. *Heimen*, 21(1), 1–16.
- Bing, Just (1922/25). De nordiske helleristninger. Problemene om deres datering og tyding. *Heimen*, 1, 245–264.
- Bjørkvik, Halvard (1970). Landslaget for bygde- og byhistorie. I H. Bjørkvik, R. Fladby, L. Reinton & J. Sandnes (Red.), *Lokal historie i forskning og kulturarbeid gjennom 200 år. Landslaget for bygde- og byhistorie 50 år. 6 juli 1970* (s. 143–193). Universitetsforlaget.
- Bjørkvik, Halvard. (1997). *Heimen 75 år – 1922-1997*. *Heimen*, 34(4), 243–253.
- Bugge, Anders (1922/25). Vernet om de vigende værdier. *Heimen*, 1, 351–355.
- Bull, Edvard d.e. (1924). *Innledning til bygdehistorisk studium. Foredrag holdt på de bygdehistoriske kursene i Bergen 1918, i Hamar og Kristiansand*. Steenske forlag.
- Bødtker, K. E. (1922/25). Om lokalhistorien i historieundervisningen. *Heimen*, 1, 309–326.
- Christiansen, G. E. (1922/25). Historielag og lokalhistoriske tidsskrifter. *Heimen*, 1, 156–164.
- Christiansen, Reidar Th. (1922/25). Bygdehistorie og Folketradisjon. *Heimen*, 1, 58–72.
- Fladby, Rolf (1967/69). «Heimen» og lokalhistorikerne. *Heimen*, 14(1), 1–2.
- Fladby, Rolf (1970). Bygdehistorien og den lokalhistoriske forskning 1920-1970. I H. Bjørkvik, R. Fladby, L. Reinton & J. Sandnes (Red.), *Lokal historie i forskning og kulturarbeid gjennom 200 år. Landslaget for bygde- og byhistorie 50 år. 6 juli 1970* (s. 55–73). Universitetsforlaget.
- Frøyset, K. (1968). *Register til Heimen 1922-1966* (Bd. I–XIII). Universitetsforlaget.
- Haarstad, Kjell, Kirkhusmo, A. & Slettan, D. (1987). Ny redaksjon. *Heimen*, 24(1), 1–2.
- Haarstad, Kjell, Kirkhusmo, A. & Slettan, D. (1991). Fra redaksjonen. *Heimen*, 28(1), 1.
- Habermas, Jürgen (1968). *Erkenntnis und Interesse*. Suhrkamp.
- Holmsen, Andreas. (1946/48). Vårt arbeid. *Heimen*, 7, 5–6.
- Hundstad, Dag (2018). Barfothistorikere og akademikere. Profesjonalisering og strid i lokalhistorien. I O. Alsvik, H. P. Hosar & M. Wiig (Red.), *I dørtrekken fra Europa. Festskrift til Knut Sprauten i anledning 70-årsdagen 22. juni 2018* (s. 134–161). Nasjonalbiblioteket.
- Hundstad, Dag (2020). Lokale historier. Lokalhistorie, muntlig historie og historiefag i et historiografisk perspektiv. *Tidsskrift for kulturforskning*, 19(1), 5–28.
- Hvidtfeldt, Johan. (1952/54). Ved redaktørskiftet. *Heimen*, 9(1), 1–3.
- Høverstad, Torstein (1922/25). Um lokal skulesoga. Oversyn og rettleiding. *Heimen*, 1, 265–297.
- Kolsrud, Sigurd (1922/25). Nokre ord um gardsarkiv. *Heimen*, 1, 53–57.
- Liestøl, Knut (1922/25). Um gransking av norsk ættetradisjon. *Heimen*, 1, 145–155.
- Marthinsen, Liv (1997). Norsk lokalhistorie etter 1970 – tradisjon og fornyelse. I E. Braut (Red.), *Blikk på lokalhistorie. Norsk lokalhistorie etter 1970. Rapport frå eit jubileumsseminar* (s. 9–22). Norsk lokalhistorisk institutt.
- Melve, Leidulf (2021). *Historisk tidsskrift 1945-2020*. Mellom konservatisme og nyskaping. *Historisk tidsskrift*, 100(4), 315–332.

78. Niemi & Winge 1994: 27. Sjå òg Marthinsen 1997: 16

79. Berggren 1984

80. Sjå «Heimen. Lokalhistoria inn i eit nytt tusenår. Del 2 (1995–2022)»

- Molde, Jostein (1995). Register til *Heimen* 1967-1944 (Bd. XIV–XXXI). Landslaget for lokalhistorie.
- Niemi, Einar & Winge, H. (1994). *Lokalhistorie som etterkrigshistorisk forskningsfelt*. LOS-senter Notat 93/11.
- Nysæter, Egil (1995). Frå institusjon til paraplyorganisasjon. Landslaget for lokalhistorie 1970-1995. I E. Nysæter, D. Slettan & H. Winge (Red.), *I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. Landslaget for lokalhistorie 75 år, 1920-1995* (s. 43–76). Landslaget for lokalhistorie.
- Reinton, Lars (1946/48). Den glade vitskap. *Heimen*, 7, 65–67.
- Reinton, Lars (1958/60). Mål og med i lokalhistorisk gransking. *Heimen*, 11(3), 113–115.
- Reinton, Lars (1970). Den lokalhistoriske rørsla og den moderne bygdehistoria 1900-1920. I H. Bjørkvik, R. Fladby, L. Reinton & J. Sandnes (Red.), *Lokal historie i forskning og kulturarbeid gjennom 200 år. Landslaget for bygde- og byhistorie 50 år. 6 juli 1970* (s. 33–53). Universitetsforlaget.
- Rogan, Bjarne & Eriksen, A. (Red.) (2013). *Etnologi og folkloristikk. En fagkritisk biografi om norsk kulturhistorie*. Novus Forlag.
- Salvesen, Helge (1982). Tanker omkring redigeringen av «*Heimen*». *Heimen*, 19(2), 81–86.
- Sandnes, Jørn (1975). Rikshistorie og lokalhistorie – sentrum og periferi i historieforskningen. I S. Langholm & P. Maurseth (Red.), *Periferi og sentrum i historien. Foredrag ved Nordisk fagkonferanse for historisk metodelære på Røros 16.-20 juni 1974* (s. 159–167). Universitetsforlaget.
- Sandnes, Jørn (1976/78). Ny redaksjon. *Heimen*, 17(1), 1–2.
- Sandnes, Jørn & Salvesen, H. (1979/81). «*Heimen*» og lokalhistoria framfor 1980-åra. *Heimen*, 18(1), 1–2.
- Scheel, Fr. (1922/25). Arkivene og lokalhistorien. *Heimen*, 1, 107–114.
- Skeie, Jon (2018). Hva var norsk lokalhistorie? Om forholdet mellom lokalhistorie og historieforskning. I O. Alsvik, H. P. Hosar & M. Wiig (Red.), *I dørtrekken fra Europa. Festskrift til Knut Sprauten i anledning 70-årsdagen 22. juni 2018* (s. 444–487). Nasjonalbiblioteket.
- Slettan, Dagfinn (1995). Lokalhistorie ved universitet og høyskolar etter 1970. I E. Nysæter, D. Slettan & H. Winge (Red.), *I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. Landslaget for lokalhistorie 75 år, 1920-1995* (s. 95–126). Landslaget for lokalhistorie.
- Slettan, Dagfinn (1997). Lokalhistoria som universitetsfag. I E. Braut (Red.), *Blikk på lokalhistorie. Norsk lokalhistorie etter 1970. rapport frå eit jubileumsseminar* (s. 32–58). Norsk lokalhistorisk institutt.
- Stensrud, Odd (1982). Hva er galt med «*Heimen*»? *Heimen*, 19(1), 1–3.
- Svendsen, Åsmund (2021). Et formativt redskap. *Historisk tidsskrift i det norske historiefaget, 1877-1956. Historisk tidsskrift*, 100(4), 300–314.
- Tank, G. (1922/25). Grænsen mellem Østerdalen-Gudbrandsdalen og Hedemarken. *Heimen*, 1, 327–339.
- Thue, Johs. B. (1979). Kva er lokalhistorie? *Heimen*, 18(3), 129–137.
- Tretvik, Aud Mikkelsen (2004). *Lokal og regional historie*. Samlaget.
- Winge, Harald (1995a). Local History. I W. E. A. Hubbard (Red.), *Making a Historical Culture. Historiography in Norway* (s. 240–260). Scandinavian University Press.
- Winge, Harald (1995b). Norsk lokalhistorisk litteratur 1970-1995. I E. Nysæter, D. Slettan & H. Winge (Red.), *I arbeid for lokalhistorie og kulturvern. Landslaget for lokalhistorie 75 år, 1920-1995* (s. 77–94). Landslaget for lokalhistorie.